



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Brand Factory Norge AS
PB 1084
1705 SARPSBORG

Dykkar ref.:

Vår ref.:

15/102-7/GBNR - 43/12/948

Direkte innval:

56 52 70 23

Stad/Dato:

29.01.2016

Løyve til oppføring av skilt på Hjeltnes Vidaregåande Skule sine bygningar langs Fv. 301

Søknaden gjeld:

Byggjestad:	Hjeltnesvegen 185	Gnr./bnr.:	43/ 12 og 44 / 1
Tiltakshavar:	Hordaland Fylkeskommune, eigedomssesksjonen	Adresse:	PB 7900 5020 Bergen
Søkjjar:	Brand Factory Norge AS avd. Østfold	Adresse:	PB 1084 1705 Sarpsborg
Tiltakstype:	Nybygg	Tiltaksart:	Skilt

Fakta om saka:

Det føreligg søknad om skilting av Hjeltnes vidaregåande skule sin bygningar på eigendomen gnr.43, bnr.12 og gnr.44, bnr.1.

Eigedomane ligg i hovudsak langs Fylkesveg 301.

Det vert også søkt om nytt skilt på eksisterande vegskilt på gnr.49, bnr.2 i vegskile mellom fylkesveg 300 og fylkesveg 301.

Skilta har noko ulik storleik og er av type pylon med fargane kvit /svart, raud og gul.

Saka er sendt til Statens vegvesen for deira handsaming.

Vurdering av søknad:

Statens vegvesen skriv i sin utale:

For reklame eller liknande langs offentleg veg gjeld Veglova § 33 for all reklame som er «retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande». Alle skilta i søknaden er å rekne for reklame etter dette regelverket. Hovudregelen er at slik reklame ikkje kan setjast opp utan løyve frå vegstyresmakt.



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928

For reklameskilt eller liknande innretning som «syner namnet åt ei verksemd eller kva verksemd det er...» er det unntak frå kravet om løyve så lenge det er på fasaden der verksemda held til. Dette vert ofte omtalt som eigenreklame.

Forutan det viste vegskiltet i krysset mellom Fv. 300 og Fv. 301 vurderer me alle dei omsøkte reklameinnretningane som er synlege frå Fv. 301 til å vere såkalla «eigenreklame», og at desse derfor ikkje krev løyve etter veglova frå vegstyresmakta.

Vedkommande det viste vegskiltet i krysset mellom Fv. 300 og Fv. 301 gjeld fylgjande: Berre offentlege vegskilt (med normert utforming) kan stå på same skiltoppsett som andre offentlege vegskilt. Det er Vegvesenet som gjer vedtak og syt for oppsetting eller endringar av skilt på dette skiltoppsettet. Her står eit skilt som vier til «Hjeltnes gartnarskule» i dag. Dersom eigaren av skulen ynskjer å få dette skiltet endra ber me om at det vert retta ein søknad om dette til Statens vegvesen.

Med bakgrunn i dei framlagte planane med skilting av Hjeltnes Vidaregåande skule sin bygningar langs Fv. 301 har ikkje rådmannen vesentleg merknader til tiltaket.

Dersom eigaren av skulen ynskjer å få skiltet som står i krysset mellom Fv. 300 og Fv 301 endra, må dette søkjast om i eigen søknad til Statens vegvesen.

Rådmannen vurderer tiltaket å vera i samsvar med gjeldande lov og forskrift. Rådmannen gjer likevel merksam på at eit løyve etter plan- og bygningslova berre tek stilling til den offentleg rettslege sida av saka og at det kan føreligga privatrettslege tilhøve som kan hindra utføring av tiltaket.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet pkt. 2.2 nr. 41 er fylgjande vedtak fatta.

I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav l vert søknad om løyve til oppsetting av skilt på Hjeltnes Vidaregåande Skule sine bygningar langs Fv. 301 , på gnr./bnr.43/12 og 44/1, motteke her 28.10.2015 godkjent med følgjande merknad. Det vert elles vist til vedlagte dokumentasjon og teikningar.

Dersom eigaren av skulen ynskjer å få skiltet som står i krysset mellom Fv. 300 og Fv 301 endra, må dette søkjast om i eigen søknad til Statens vegvesen.

Søklar er friteken for nabovarsling i medhald av plan- og bygningslova § 21-3, 2. ledd då tiltaket ikkje påverkar nabo eller gjenbuar sine interesser.

FØRETAK

Fylgjande føretak er tildelt ansvar i saka	
Organisasjonsnr. Namn.	Beskriv.
986 297 359 Brand Factory Norge AS	Søklar
986 297 359 Brand Factory Norge AS	Utførelse

GODKJENNING

Fylgjande dokument er lagt til grunn for løyvet			
Dokument	Teikningsnr.	Dato	Anna id.
Søknad om tilatelse til tiltak	1	28.10.2015	
Teikningar	1-9	28.10.2015	

Redgjørelse / kart	1-4	28.10.2015	
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	1-3	28.10.2015	
Fullmakt / Sentral godkjenning	1-2	24.10.2013	

Kontroll

Ansvarleg søker skal oppdatere gjennomføringsplanen i samsvar med planlagde og gjennomførte kontrollar.

Kontrollerklæringane skal ikkje sendast til heradet, men oppbevarast av ansvarleg søker.

Ferdigstilling

Når tiltaket er ferdig, skal heradet etter søknad frå ansvarleg søker gje mellombels bruksløyve eller ferdigattest (Blankett nr 5167). Dokumentasjon i samsvar med plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1 skal leggjast ved.

Særleg om produkt i byggverk og vesentlege manglar

Det er ein føresetnad at dei produkta som vert nytta i tiltaket har dei nødvendige produktgodkjenningane og at produktsertifikata samsvarar med dei produkta som faktisk vert nytta.

Tidsfrist

Løyve gjeld i 3 år. Er ikkje arbeidet igangsatt seinast 3 år etter at løyve er gjeve fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jfr. Plan og bygningslova § 21-9.

Gebyr

Det vil verta ettersendt krav om betaling av gebyr for sakshandsaminga.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast, jfr. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jfr. forvaltningslova §29.

Med helsing

John Grimeland
Plan og byggjesak

Kopi til:

Eigedomsseksjonen Hordaland
Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN